



INFORMASJON TIL INNBYGGJARANE I SKODJE KOMMUNE NR. 125 SEPTEMBER 2015

# EXIT SKODJE

...eller ny giv?

Er eit større VI mogleg?

**Gomerhuset tysdag 29. september kl. 18.00 - 21.30**

Ver med i diskusjonen om kommunereform

**Ope møte - alle er velkomne!**

Tida for å velje retning for vidare arbeid i kommunereforma kryp nærare.

Ei arbeidsgruppe i Skodje har arbeidd intenst med ulike modellar. No vil dei høyre kva som rører seg elles mellom politikarar og innbyggjarar.

29. september inviterer Skodje kommune til eit folkemøte etter «open space – metoden». Det inneber at det meste av tida vert nytta til å drøfte dei tema som deltakarane på møtet melder inn. Gjennom mange samtalar i mindre grupper vonar arbeidsgruppa at dei får betre innsikt i kva som rører seg mellom folk – og at innbyggjarane sjølv får høve til å bearbeide sine tankar og synspunkt i høve til den pågåande endringsprosessen.

Tidsramma for dette møtet vert heile tre og ein halv time. Det er lenger enn eit vanleg folkemøte, og tida skal nyttast til fleire gode samtaleøkter. Det vert også enkel bevertning.

Målet er at når ein går heim den kvelden har tankegodt blitt skapt og bearbeidd og møtelyden har fått gitt klare råd til det vidare arbeidet for politikarane.

**Velkommen til møtet,  
og ha gjerne med nokre problemstillingar du brenn for i baklomma!**

# Fakta om kommunereforma

Regjeringa sette hausten 2014 i verk ein reformprosess med mål om større, meir robuste kommunar, med auka makt og mynde. Alle kommunane i landet er inviterte til å delta i reforma, og det er stilt krav om at alle kommunar skal gjennomføre ein lokal utgreiingsprosess for å vurdere om det er aktuelt å slå seg saman med ein eller fleire nabokommunar.

Regjeringa sitt mål med kommunereforma er større og meir robuste kommunar som kan handtere notidas og framtidens utfordringar og oppgåver.

Kommunane skal sjølv kome fram til om, og eventuelt kven, dei vil slå seg saman med. Gjennom medverknad og demokratiske prosessar skal dei endelege vala vere best mogleg lokalt forankra.

## Framdriftsplan:



## Skodje kommune har utgreidd tre alternativ / retningsval:

1. Skodje kommune åleine
2. Regionkommune Sunnmøre (Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal, Haram, Sandøy, Giske, Sula, Ålesund, Stranda, Sykkylven, Hareid, Ulstein)
3. Landkommune (Skodje, Ørskog, Sandøy, Vestnes, Norddal, Stordal)

Ingen av utgreiingane konkluderer, men peikar på både spesielle utfordringar og mogelegheiter ved nettopp dette alternativet. Målet med utgreiingane er å overlevere nok kunnskap og informasjon, både til innbyggjarane og det nye kommunestyret, til at dei kan gjere seg opp ei meining innan juni 2016.

Både regionkommune- og landkommunemodellen er utgreiingar som består av mange kommunar. Det er truleg slik at nokre kommunar fell frå eller nye kjem til i løpet av tida fram mot vedtak. Dei to alternativa er difor meir å sjå på som retningsval enn statiske modellar for korleis ein slik eventuell ny kommune vil sjå ut.

Meir informasjon om dei ulike alternativa finn du på [skodje.kommune.no](http://skodje.kommune.no) under «Kommunereform».

**Har du spørsmål og meiningar, eller berre vil lytte:**

**Møt opp på Gomerhuset tysdag 29. september kl 18.00.**

